



BUSTAD MED HISTORIE: Rosenlund, Kongsøhuset, Marumhuset, Doktorgården. Kjørt hus har mange namn, og har overlevd fleire eigarar.

NYTT LIV FOR RUSTA JARN

Øydelagde river, hakker, spader og greip. Kasser med rustne spikar. Det er slike ting som får Elisabeth Tonheims idear til å boble.

I EIT RAUDMÅLA stabbur på Lindås har Elisabeth Tonheim (44) verkstad og utsal. «Heilt originalt!» heiter verksemda, og det handlar for det meste om å lage nye ting av gammalt skrap, men også litt om brukthandel. Men Elisabeth er krystallklar. Ho er berre interessert i slikt som ingen andre vil ha:

– Dersom andre vil ha det, er det jo alt teke vare på!

Den tidlegare sjukepleiaren og journalisten har lagt karrieren i Forsvaret til side. Ho var seksjonsleiar i Hæren, men etter mange travle år og mykje pending har ho, saman med sambuar Tor Mjelstad, valt ein annan levemåte på Lindås. Saman har dei restaurert den store, kvite sveitservillaen dei kjøpte i 2003, og er for så vidt enno ikkje heilt i hamn. Men ein må tole å ta pausar, meiner Elisabeth, elles kan ein slite seg heilt ut. Medan han jobbar på Mongstad, freistar ho eit nytt liv som askeladd. Ho raidar kjellarar, uthus og naust. Aller best likar ho gamle arbeidsrom og verk-



SKATTKISTE: For dei fleste er det skrot, det som Elisabeth kallar skattar.



OMSKOLERINGA: Sjukepleiar og journalist Elisabeth Tonheim lærte seg å bruke verktyg og maskiner og fruktbar av møkkagreip, i sin eigen verkstad på tunet. – Rik blir eg ikkje, men eg blir glad, kvar dag!



då ho og Tor Mjelstad restaurerte sveitservillaen Rosenlund på Lindås. No gjer ho lysestakar av jarnriver seier Elisabeth Tonheim.



I STABBURET: Verkstaden og utsalet ligg i stabburet på tunet. Her finn ein lysestakar av gamle spader, smykke av rusten piggråd, klokker av kukklaver, utvalde antikviteter og dessutan både tid og lov til å sette seg ned i ein sofa. Som også er til sals.

stader. Der det er sjanse for å finne rustne reiskapar av jarn og gamle bygningsdelar er Elisabeth i sitt ess.

– Eg er veldig glad i river og greip og sånt, seier ho, og viser stolt fram samlinga i stabburet.

ER DET HANDSMIDD, er det ekstra stas. Om spadebladet er knekt eller tennene på riva slitne ned til det halve, gir det berre ein ekstra dimensjon. Spor og slitasje, det som skapar historie, gir assosiasjonar eller vekkjer minne, er interessant for redesignaren.

– Eg blir så utruleg glad når folk faktisk blir begeistra for det eg lagar. Eg trur det handlar om at dei opplever noko i møtet med dei gamle gjenstandane. Det har med gjenkjenning å gjere, og litt nostalgi...

AV RUSTA JARN og gammalt treverk lagar ho nye skap, hyller, lampar, lysestakar, rammer og fruktfat. Av handsmidde spikrar av jarn og rusten piggråd lagar ho smykke. Utstillingsdokka i stabburet har eit slikt piggrådsmykke, med skinnreimer og blenkjande perler. Pig-gane er benda utover, så det skal gå greitt for den som ber smykket. Litt verre er det for den som skal klemme. Ein skal kanskje ikkje kome altfor nær.

– Eg har lurt på det sjølv, kva det er som begeistrar meg så veldig med desse tinga, seier Elisabeth og stryk fingrane over den buklete, rustne overflata på ei gammal jarnspade.

– Det handlar nok om historia vår, dei før oss. Om slitet, og den

EG TENKJER OFTE PÅ AT DESSE TINGA BER PÅ EI HISTORIE, AT ... JA, OM DEI BERRE KUNNE HA FORTALT

ELISABETH TONHEIM



HUMOR OG HISTORIER: Folk blir gjerne litt overraska, men kjenner att og assosierer minne til Elisabeth Tonheims brukskunst. – For meg har det stor verdi at ting har ei historie. Men det må vere ekte saker, seier ho, som er hekta på rusta jarn og kvitskurf plank.

ubarmhjertige kampen med og mot naturen. Arbeidsreisepane her ber spor av hardt arbeid og tilpassing. Eg har veldig respekt for det. For meg handlar det også om mystikk og assosiasjonar. Eg tenkjer ofte at desse tinga ber på ei historie, at... ja, om dei berre kunne ha fortalt!

MANGE PÅ LINDÅS var svært spente på kven som ville kjøpe det svære, gamle sveiterhuset då det låg for sal i 2003. Dei visste det låg eit omfattande arbeid framfor dei nye eigarane. «Rosenlund» som eigedomen heiter, vart bygd første del av 1800-talet som bustad for ei presteenkje. Seinare vart det bygd på av distriktslækjarane som budde her siste delen av 1800-talet, og sidan har det husa både lensmann Konsmo og målarmeister Marum, i kvar sin periode. Dei siste åra var det sanitetsforeininga som eigde huset. Mange i bygda har eit forhold til huset fordi dei har feira konfirmasjon og bryllaup, vore på helsestasjon med ungane og ete betasuppe på 17. mai her i dette huset.

–Huset var pussa opp i beste meining, med blomstrete tapet og golvbelegg. Vi reiv ut det meste, for å få fram tømmeret og det opphavslege preget. Men vi har teke vare på dei enkle, ruglete glasa i vindauga, fordi det rett og slett er mykje finare enn nye glas, fortel Elisabeth.

–Det er stor interesse for kva som skjer med huset. Folk har kome her og sett, og vore glade for at vi tar vare på det gamle. Mange har kome tilbake med gjenstandar som har høyr til i her, men hamna rundt om på bygda.

Den svære stova er full av gamle møblar. Er her verkeleg ingenting nytt?

–**DET EINASTE HER** som er nytt, er sofaen. At den også ser gammal ut, kjem seg av at skinnet ikkje har fått fargebehandling, men har naturlege sjatteringar. Så det er ikkje noko juks!

For Elisabeth Tonheim er det eit viktig poeng. Ho har svært lite til overs for «shabby chic» og slikt som interiørbutikkane er fulle av: masseproduserte varer som skal sjå ut

som dei er gamle og resirkulerte. For Elisabeth er dei utan sjel, utan historie. For henne er det berre ekte vare som tel.

I den store stova på Lindås er det fleire bord, lenestolar og sofaer av det slaget besteforeldra våre skaffa seg då dei var unge. Eit av langborda har bein med ulike lengder. No står det på stablar av bøker og er om lag i vater.

–Mykje av det som står her skal vidare, men må stå her for å tørke. Når det har stått i løer og naust er det jo fullt av luftfukt, forklarar ho.

Det er ei lun stove, med mørke tommervegger og open takkonstruksjon. Under det gamle tregolvet, kjøpt frå ein gard frå 1760 på Austlandet, er det vannbåren varme.

HO ER NETT komen heim frå ein tur til Austevoll. Elisabeth fekk høyre om to løer som skulle rivast, og bad om å få kome innom å sjå kva som stod att etter at eigarane hadde rydda ut det dei ville ta vare på. Den ivrige samlaren kom heim med eit lass fullt av det andre kallar skrot.

Gamle plankebitar, øydelagde jordbruksreiskapar, knuste vindauger, rustne spikar. For Elisabeth er det skattar. Ho veit godt kva ho vil ha.

Elisabeth Tonheim har eigenskapen og erfaringa som gjer at ho ser eit stilig fruktfat der andre ser eit gammalt møkkagrep. Kuklaven, halsbandet og kjettingen av jarn som tjora kyrne til båsen, ser ho for seg som rammeverk for eit veggur. Og dei rustne spikrane treng ho til allslags.

–Det er som om koplinga blir stadig enklare. Eg veit ikkje alltid kva eg skal med det eg samlar på, eg har ein del på lager. Men kjem eg over noko eg ikkje har frå før, ser eg for meg korleis eg kan bruke det i lag med noko eg har liggjande... berre sjå her!

Elisabeth peikar på dei handsmidde spikarhovuda av jarn som erstattar tala på ei urskive av rekved.

–Det gjer ingenting om dei er knekt!

INGEBORG KRISTVIK
ALEXANDER WORREN (foto)
ingeborg.kristvik@bt.no

